



Tippetue Arkitekter AS  
Sandviksbodene 5  
5035 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/1449 - 20/3039

Saksbehandlar:  
Per Sveinar Morsund  
per.sveinar.morsund@alver.kommune.no  
o

Dato:  
17.01.2020

## **Førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 212/141 Eikanger øvre**

Tiltak: brakkerigg  
Byggjestad: Gbnr: 212/141  
Tiltakshavar: Flage Utleige AS  
Ansvarleg Tippetue Arkitekter AS  
søklar:

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 10.01.2020.

### **Mottakskontroll**

Det er søkt om oppføring av brakkerigg med bustadbrakke på eigedommen som permanent tiltak. Oppføring av permanent bygning der delar skal nyttast til overnatting er ikkje i samsvar med arealføremål og føresegner i reguleringsplan. Dersom du ynskjer å søke om tiltaket må det søkast om dispensasjon for dette. Vi gjer merksam på at administrasjonen truleg vil være negativ til å gje dispensasjon for permanent etablering for overnatting innanfor planområdet. Ei slik vurdering må etter kommunen sitt skjønn eventuelt skje gjennom ei planending.

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Søknad om dispensasjon frå arealføremål og føresegner i reguleringsplan. Vi gjer merksam på at søknad om dispensasjon også skal nabovarslast.

Det er søkt om løyve i eitt-trinn og 3 veker saksbehandlingsfrist. Vi gjer merksam på at saka ikkje kan handsamast i eitt-trinn når det ikkje ligg føre samtykke frå arbeidstilsynet. Vi ber difor også om at du stadfester at saka kan handsamast som søknad om rammeløyve.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 01.03.20. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert søknaden handsama ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar Plan og byggesak

Per Sveinar Morsund  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Kopi til:**

Flage Utleige AS

Bjørkemoen 46 5709

VOSS

### **Mottakarar:**

Tippetue Arkitekter AS

Sandviksboden 5035  
e 5

BERGEN